



Villreinutvalet for Nordfjella

Aurland, den 25.10.22

Til NVE

nve@nve.no

KRAV OM REVISJON AV KONSESJONEN FOR UTBYGGINGA AV LÆRDALSVASSDRAGET

Villreinutvalet er grunneigarane sitt fellesorgan for forvaltning av villreinstamma og varetaking av grunneigarinteressene som er knytte til villrein i Nordfjella villreinområde.

Konsesjonane i Lærdalsvassdraget (KDB-nr. 71, 710, 1006 og 1331) er samla til eitt revisjonsobjekt med Rev.ID 504 i NVE rapport 49/13.

Villreinutvalet set med dette fram krav om at NVE opnar for revisjon av konsesjonen for Lærdalsvassdraget. I samband med revisjonen, må konsekvensane utbygginga har hatt for villreinstamma i området greiast ut. Det må vurderast å koma med pålegg om avbøtande tiltak som kan redusera den negative innverknaden som utbygginga har hatt for villreinen.

I eit villreinområde som Nordfjella er det særst viktig å sjå alle inngrep som kan ha konsekvensar for villrein i samanheng – ikkje minst gjeld dette for vassdragsutbygging, der ulike regulantar har gjennomført store landskapsendringar med konsekvensar for rein i ulike delar av villreinområdet. NVE og OED har akseptert dette heilskapsprinsippet gjennom revisjonsprosessen for Hemsilvassdraget i 2021, der det vart oppretta eit villreinfond for Nordfjella, med ein føresetnad om at pålegg om bidrag til fondet og kan påreknast i seinare revisjonssaker i Nordfjella. Dette vart i februar 2022 følgt opp i samband med nye konsesjonsvilkår for Holsvassdraget.

Villreinutvalet vil understreka at eit ev vedtak om bidrag til eit villreinfond ikkje må vera til hinder for å påleggja regulanten å gjennomføra avbøtande tiltak for å betra tilhøva for villreinen. Her må det vera rom for ein kombinasjon av tiltak.

Villreinutvalet viser elles til Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell sitt krav om revisjon, sendt NVE den 10.5.2022. I dette brevet, og i vedlegga til brevet, ligg det ei grundig skildring av verknader som utbygginga av Lærdalsvassdraget kan ha hatt for villreinstamma i Nordfjella. Villreinnemnda set m.a. fram krav til kva prinsipp revisjonsdokumentet må byggja på, og peikar på konkrete avbøtande tiltak som må vurderast i ulike delar av vassdraget og områda som er påverka av utbygginga. Villreinutvalet går difor ikkje nærmare inn på detaljane i kravet no, men syner til det som er framsett i villreinnemnda sitt kravbrev av 10. mai.

Med helsing

Villreinutvalet for Nordfjella

Harald Skjerdal

Sekretær

Sigurd Vikesland

leiar

Kopi: Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
Lærdal kommune